



Ny eigedomsskattaksering i Åmli – varsel om synfaring på din eigedom

Kommunestyret i Åmli gjorde i K-sak 26/14 den 30. april 2026 følgjande vedtak:

- *Åmli kommunestyre vedtar å gjennomføre en ny alminnelig taksering i 2026, jf. Eigedomsskattelova § 8 A-3.*
- *Takseringen skal omfatte alle eiendommer som inngår i kommunens nåværende utskrivningsalternativ etter eigedomsskattelova § 3 bokstav d.*
- *Kommunestyret gir eigedomsskattekontoret fullmakt til å:*
 - *Igangsette anskaffelse av ekstern takseringsfaglig bistand*
 - *Fastsette metode og fremdriftsplan*
 - *Sikre god informasjon til næringslivet*
 - *Gjennomføre takseringen i 2. halvår 2026*

Kvifor får du/de dette brevet?

Åmli kommune har engasjert firmaet eSkatt as til å gjennomføre synfaring og taksering. Du tek imot dette brevet fordi du i forvaltningssystemet til kommunen og/eller i Matrikkelen står oppført som eigar/representant for eigedomen.

I samband med taksering av næringsseigedomar treng eSkatt as ein del informasjon om eigedomen på vegne av sakkunnig nemnd i kommunen for å kunne utarbeide grunnlag for ei mest mogleg rett eigedomsskattetaksering.

(DERSOM dette gjeld ein landbrukseigedom, der det er registrert verkstad/lager som er del av drifta ynskjer vi at dette vert meldt til eSkatt as.)

God bistand frå eigarar som dykk, vil gje best mogleg resultat og beste prosjektgjennomføringa.

Bistand frå eigarar er regulert i eigedomsskattelova § 31. (<https://lovdata.no/lov/1975-06-06-29/§31>) (full tekst siste i brevet)

All informasjon som vert sendt til eSkatt as eller kommunen vert handtert konfidensielt, og er unntatt offentlegheit jf. eigedomsskattelova § 29 og forvaltningslova § 13 samt skatteforvaltningsloven § 3-1 første ledd.

Det vi ønsker tilgang på er:

- Skattemelding for 2025 som syner «Formue av næringsseigedom», frå eigarar som sjølve nyttar heile eller delar av eigedomen
- For de som leiger ut ønsker vi tilgang/innsyn i leigekontraktar eller netto leigeinntekter på eigedomen (her skal ikkje leigeinntekter på utleiebustar takast med)
- Oversikt over arealfordeling på eigedomen (tabell sist i brevet), alternativt digitale eller skanna planteikningar eller brann-/rømmingsplan

De kan også sende oss annan informasjon som kan dokumentere tilstand av eigedomen og bygningar, som vil kunne ha påverknad av utarbeiding av takst på eigedomen. Dette kan være:

- Verdivurderingar, takstar etc.
- Bilete som dokumenterer spesielle forhold på eigedomen og/eller bygningsmasse, slik som skader, utidsmessighet, oppgraderingar etc.



Frist for å gi opplysingar er: **fredag 4. september 2026**

NB: Skriv/gje opp gards og bruksnummer det gjeld, ved all kommunikasjon med kommunen eller eSkatt as.

Synfaring er planlagt i i tidspunktet mellom veke 37- 40, 7. september – 2. oktober.

Informasjon og påmelding til å vere til stade på synfaringa kan de sende til eSkatt as, helst via:

e-post: amli@eskatt.no, eller om naudsynt på
telefon: 901 82 375 (innval 1). Mellom 08 og 16.

Dersom de sender større filer, kan desse med fordel sendast sikkert gjennom FileMail: <https://eskatt.no/filer>- send gjerne til foreslege mottakar (Otto Sæterbø). Filene vert lasta ned fortløpande, og sletta frå nettet.

Åmli kommune arrangerer informasjonsmøte onsdag 26. august kl. 18:00, i kommunestyresalen. Dagleg leiar i eSkatt stiller og informerer om takseringsprosjektet og svarer på spørsmål.

Påmelding skjer til: e-post: amli@eskatt.no (ved laber interesse, vil det bli gjeve tilbod om videomøte.)

Har de spørsmål direkte til kommunen:

Telefon: 37 18 52 00 (Sentralbordet er ope tysdag, torsdag og fredag 09.00 - 14.00 – men stengt mellom 11:30 og 12:00)

Besøks- og postadresse Gata 5, 4865 Åmli

E-post: postmottak@amli.kommune.no

Med venleg helsing

Eigedomsskattekontoret

Åmli Kommune i samarbeid med eSkatt as





Arealfordeling kan være innføre kategoriane:

Kontor	Undervisning	Industri/produksjon
Butikk/Forretning	Overnatting	Verkstad
Kjøpesenter/Butikksenter	Restaurant	Isolert lager/Fryselager
Næringsmiddel	Konferanse/Messeareal	Ikkje isolert lager
RAS-anlegg/landbasert oppdrett	Selskapslokale	Dukhall
Fellesareal	Forsamlingshus	Takoverbygg
Teknisk rom	Camping	P-hus
Tilfluktsrom/Beredskap	Helse	P-kjeller
Idrettshall	Treningssenter	
Garderobe		

Areal som spiserom, gangareal, WC, garderobar og tilsvarende vert vurdert som kontor. Areal er meint for opphald av menneske.

Eigedomsskattelova § 31:

Plikt til å gje opplysningar og medverke til synfaring

- (1) Eigedomsskattekontoret kan påleggje eigaren (skattytaren) å gje særskilde opplysningar som trengst til utskrivning av eigedomsskatten.
- (2) Eigar (skattytar) og brukar av ein eigedom har plikt til å medverke til synfaring av eigedomen ved taksering etter § 8 A-3.
- (3) Eigedomsskattekontoret kan setje frist for å gje opplysningar eller yte medverknad etter nr. 1 og nr. 2. Fristen skal ikkje vere kortare enn fire veker.
- (4) Ved brot på pliktene etter nr. 1 eller nr. 2 kan eigedomsskattekontoret påleggje eigaren (skattytar) forseinkingsavgift. Avgifta vert sett på grunnlag av eigedomens skattegrunnlag. Avgifta skal vere:
 - a. 0,5 promille av skattegrunnlaget når forseinkinga ikkje er over ein månad,
 - b. 1 promille av skattegrunnlaget når forseinkinga er over ein månad.Avgifta skal ikkje vere lågare enn 200 kroner, og skal når forseinkinga ikkje er over to månader, ikkje vere over 10 000 kroner. Avgifta skal gå til kommunen. Avgift skal ikkje påleggjast når fristoversitjinga er unnskyldelig på grunn av sjukdom, alderdom, manglande røynsle eller annan grunn.
- (5) Eigedomsskattekontoret eller dei som utfører takseringa for kommunen, har rett til å ta fotografi av eigedomen til bruk for takseringa.